

VEDTEKTER FOR ELEVPLASS VED BOKN KULTURSKULE

OPPTAK:

- ✦ Søknad om plass skjer elektronisk via kulturskulen sin søknadsportal.
- ✦ Alle søkarar får svar i juni, anten med beskjed om elevplass, eller om at ein står på venteliste.
- ✦ Søkar må ha rett alder i høve til disiplin/gruppe og søkarar busette i kommunen har førsterett på plass. Søkarar over 21 år får plass i ordinære tilbod ved ledig kapasitet, eller på tilbod som rettar seg spesielt mot vaksne.
- ✦ Elevplass blir tildelt og er bindande for eitt år om gongen.
- ✦ Elevar som allereie har plass ved eit undervisningstilbod, reserverer plass for nytt skuleår ved å re-registrera seg innan fristen for hovudopptaket i juni. Det skjer ved å senda inn vanleg søknadsskjema.
- ✦ Ved hovudopptaket vert deretter ledige plassar først tildelt elevar som har stått på venteliste sidan førre hovudopptak. Vidare vil elevar som har søkt innan fristen ha førsteprioritet i hovudopptaket.

ELEVPLASS OG UNDERVISNING:

- ✦ Elevplass blir tildelt og er bindande for eitt år om gongen.
- ✦ Elevplass er personleg og kan ikkje overførast til andre, heller ikkje søsken.
- ✦ Kulturskulen sine elevarrangement, konsertar og aktivitetar er ein del av undervisningstilbodet, og det er forventa at elevane deltek på desse som utøvar, medhjelpar og/eller publikum.
- ✦ Det er til vanleg ikkje høve til å ha med vener i undervisningstimen.
- ✦ Føresette kan vera med inn i undervisningstimen etter avtale med læraren.
- ✦ Skuleåret for elevane i Bokn kulturskule går vanlegvis frå veke 34 til og med veke 50 om hausten, og frå veke 1 til og med veke 24 om våren, dersom ikkje anna er oppgitt.
- ✦ Skulen følger elles den kommunale skuleruta med omsyn til feriar og fridagar.
- ✦ Kulturskulen kan ha undervisning sjølv om grunnskulen har fri/plandagar.
- ✦ Kulturskulen kan justera skuleruta t.d. ved prosjekt. Elevar/føresette skal då ha skriftleg beskjed.

ØVING:

- ✦ Det er forventet at eleven kjem presis, er godt førebudd og har med nødvendig undervisningsmaterieil til timen.
- ✦ Utbytte av undervisninga er i stor grad knytt til den enkelte elev sin innsats. Føresette bør oppmuntra og legga til rette for øving heime. Kulturskulen tilrår minst 15 minutt dagleg øving.
- ✦ Eleven må ha instrument å øva på heime.

FRÅVÆR

- ✦ Fråvær skal meldast til kulturskulen, anten til lærar eller via administrasjonen.
Eleven kan ikkje få attende forsømde timar.
- ✦ Elevar som har stort fråvær, viser lite interesse, skapar disiplinære problem, eller ikkje betalar kontingent, kan miste plassen i kulturskulen.

OPPSEIING AV Plass

- ✦ Oppseiing av plass må sendast skriftleg på e-post til administrasjonen: anne.tove.ovrebo@bokn.kommune.no
- ✦ Lærar kan ikkje ta imot oppseiing.
- ✦ Oppseiingsfristen er **15. november**.

- ✦ Ved oppseiing innan 15. november forpliktar du deg kun til å betala for haustsemesteret. Seier du opp plassen etter 15. november, må du betala for heile skuleåret.
- ✦ Nye elevar har to påfølgande prøvetimar og kan gå frå elevplassen mot eit gebyr svarande til kontingent for 1 månad.
- ✦ Det blir ikkje gitt permisjon frå elevplass, unntaket er langvarig sjukdom.

PRIS/BETALING:

- ✦ Kontingenten for heile skuleåret blir fordelt på ein faktura om hausten og ein om våren, og vil normalt blir tilsendt i oktober og mars.
- ✦ Kontingent blir fastsett årleg i kommunestyret sitt budsjettvedtak.
- ✦ Eleven dekkjer sjølv kostnad til notar og anna nødvendig undervisningsmateriell.
- ✦ Det blir gitt reduksjon i kontingent ved tapt undervisning over to økter pr. semester, dersom det er på grunn av mangel på kvalifisert vikar. Reduksjonen slår inn på faktura i påfølgande semester.

MODERASJON:

- ✦ Det blir gitt moderasjon av sluttsummen for søsken eller for deltaking i fleire fag ved at det frå og med to fag/ elevplassar, rekna frå det rimelegaste tilbodet, blir gitt 30% reduksjon i sats.
- ✦ For at søsken-/fleirfagsmoderasjon skal tre i kraft, må same person stå som betalar.

FRIPLASS:

- ✦ Kommunen kan dekkja eigenandelen for undervisning ved Bokn kulturskule. Dersom husstanden kvalifiserer for Bokn kommune si ordning med aktivitetskort, gir det også rett til friplass i kulturskulen. Inntil éin elevplass pr. barn kan bli innvilga.
- ✦ Søknad om friplass kan du lesa og søka om her: [Aktivitetskort for barn og unge](#)
Du finn også lenke til informasjon om aktivitetskort i hovudmenyen vår under fana, «Friplass».